

# Solheim grendahus SA

Til Masfjorden kommune

v/Teknisk etat

## **Brøyting ved framsyningar av Bygdekinoen – Solheim grendahus**

Vi er usikre på historikken i høve til Masfjorden kommune vedrørende snøbrøyting av parkeringsplass og inngangparti ved Solheim grendahus. Til tider har det vore brøyta i kommunal regi – til tider ikkje.

Dette gjeld ei oppmoding/søknad til Masfjorden kommune om å ta med slik brøyting ved behov når Bygdekinoen har filmframsyning i Grendahuset. Kommunen er involvert i desse framsyningane gjennom økonomisk stønad, og no også gjennom etablering av bilruter til filmkveldane. Frå Grendahuset si side vil vi setja inn endå meir innsats i å kunngjera desse framsyningane. Solheim er den einaste staden på nordsida av fjorden som har avtale med Bygdekinoen.

Vi gjer merksam på at det dei siste åra sjeldan har vore nødvendig å brøyta pga lite snø, men det store snøfallet nyleg aktualiserte dette. Vi søker derfor om at Masfjorden kommune legg inn slik brøyting ved grendahuset i dei avtalane kommunen har vedrørende snøbrøyting på Solheim.

Solheim, 11.04.2023

Beste helsing

Kjartan Sandnes

Styreleiar Solheim grendahus SA

Mobil 41663965

Mail ksand42@gmail.com